

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 2

Juni 2025

Årgang 91 år



Andakt av biskop Jepsen

side 2



Olivers dåpssamtale

side 4-7



Sommarleir i Sætervika

side 13



Inspirasjon til bøn

side 14

## FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Anette-Emilie Gangstø 45 28 02 78

### Assisterende kyrkjevevjer

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Trusopplæring

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrliid Eide 97 65 01 55

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøen 97 71 17 23

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Fusa frivilligsentral 56 58 01 14

### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436**

#### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

#### Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

#### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år**

**Utanbygds kr. 350,- pr. år**

#### Framsida:

Konfirmantar i Fusa sokn 2025.

Tre konfirmantar var ikkje til stades ved  
fotograferinga. Foto: Vigdis Øvreide.

#### REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus [hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)

Toril Hjartåker Hauge [th298@kyrkja.no](mailto:th298@kyrkja.no)

# Den tomme krossen

Av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøg-  
tida inn påskeaftan, vitnar dei om at  
kyrkjehusa er berarar av historie og  
kontinuitet i bygdene og byane våre.  
Til saman dannar dei ei lenke som  
bind oss til kvarandre. Det er som dei  
syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne  
om ei tusenårig historie med lag på  
lag av menneskets tru og tilbeding.  
Steinane og veggane i kyrkjehusa er  
levande fordi dei har teke imot smerte  
og lidning, glede, kjærleik og sorg frå  
dei som har vore her før oss. Dei  
speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev  
rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkje-  
rommet vil alltid vere krossen.  
Symbolinnhaldet i krossen er fleir-  
tydig. Den er eit dødsinstrument. Den  
er teiknet på oppstoda, og den er  
uttrykk for sameininga mellom Gud og  
menneske i Jesus Kristus. Krossen,  
slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt  
saman med påskens budskap: Jesu  
lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske  
døgn er det også ei tid då verda ikkje  
har nokon Gud. Frelsaren er i denne  
timen død. I kyrkjekunsten kjem  
det til uttrykk i motivet som skildrar  
korleis Jesu døde kropp vert teken  
ned frå krossen. Eit likklede vert  
strekt mellom krossarmene. Mannen  
som sa at han var Gud, viser seg å  
vere av kjøt og blod som resten av  
oss. Og sjølv om vi som ser motivet  
også veit at berre om nokre få dagar,  
på påskemorgon, skal kristne over  
heile verda jublande syngje «Kristus  
er oppstaden», er det som om vi  
enno ei tid må leve med eit opent  
spørsmål utan eit sjølvstapt svar. –  
Kva vil skjje med oss? Kan verkeleg  
livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets  
oppleving av det meningslause,  
av gudsfråværet, må også ha sin  
stad. For viss vi ikkje torer å setje  
ord på at det er slik, kan vi heller  
ikkje tale truverdig om at Gud som  
lir og døyr langfredag, også deler

alle menneskes  
langfredagar. Og  
at oppstoda si  
glede og livskraft  
ein dag skal bli  
alle menneskes  
glede og livskraft.



Biskop  
Ragnhild  
Jepsen

Vi treng  
budskapen om  
håpet og om den  
tomme grava. Vi treng det i vår del  
av verda, vi treng det over heile  
verda. Vi treng det no! For verda  
er råka av krefter som vil vondt.  
Det er vanskeleg å ta inn over seg  
den mengda av frykt og død vi ser  
omkring oss, nær oss og langt borte.  
I påsketida kjenner vi det igjen, og vi  
må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over  
mørket. Og at vi skal få leve i det  
lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der  
alt er godt og smerte ikkje skal vere.  
Livet har lært oss at dagane kan vere  
mørke og sorga kjennes som ei klo i  
bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer  
med i gravkammerets rom, dei skal  
ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!  
*Døden må vike for Gudsrikets krefter!  
Livet er gjemt i et jordekket frø.  
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.  
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*  
(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr  
209)

I år sende biskop Ragnhild Jepsen  
ut påskeandakt til alle sokna i  
Bjergvin bispedøme. Den nådde  
redaksjonen etter at vårt påske-  
nummer var sendt i trykken, men  
budskapen gjeld enno, så no kjem  
den i sommarnummeret i staden.

Desse andaktane er ein fin måte å  
bli litt kjend med biskopen vår på.  
I november i år blir det endå betre  
høve til å læra ho å kjenna. 11.-16.  
november kjem Jepsen på bispe-  
visitas til Bjørnafjorden. Dagane  
blir delte mellom Os og Fusa sokn.  
Meir om disputasen kjem i dei to  
neste nummera av kyrkjebladet.

# “Nye” Bruktbuo

Tekst: Hans Einar Markhus

Det er spanande tider i Brutbuo! Nær 14 år etter oppstarten har butikken no flytta inn på Fjord`n Nærserter, i dei gamle “bank-lokala”. Dette er eit stort steg vidare for Bruktbuo og alle frivillige som er med og held liv i butikken - både som butikk og som møteplass for menneske. I eit par månader har mange frivillige jobba iherdig med oppgradering av det nye lokalet, nedpakking av varer og planlegging av flyttinga. Opningsdagen var laurdag 31. mai. Velkommen til nye Bruktbuo!



Takk til Fjord`n Nærserter for velvilje og for å leggja godt til rette for Bruktbuo i senteret.

Foreninga Bruktbuo vil samstundes senda stor takk til Osebakken Eigedom v/Laila Eikeland for velvilje i samband med både oppstart og drift av den ideelle organisasjonen Bruktbuo. Utan bidraget med å stilla tenlege lokaler til ein rimeleg pris til disposisjon i alle driftsåra til no, hadde aldri Bruktbuo sett dagens lys – og levd til å bli ein flott base for frivillig arbeid i Eikelandsosen. Det er eit stort bidrag! Takk!

## Nytt fjes i Frivilligsentralen

Kristin Almås blir vikarierende dagleg leiar i Fusa frivilligsentral i Linda Reigstad Matland si foreldrepermisjonstid, f.o.m. 1. august 2025. Kristin er fusing, busett på Vinnes og kjend for mange her i Fusa-bygdene. Ho er og har vore aktiv i fleire lag og organisasjonar i bygdene våre, og mange har nok møtt ho som fysioterapeut eller i andre roller i både Fusa- og Bjørnafjorden kommunar. Me har stor tru på at Kristin vil fylla rolla på frivilligsentralen på ein veldig god måte, og at både unge og eldre i Fusa tek varmt imot ho. Velkommen Kristin!



Kristin Almås.  
Foto: Privat

## Audmjuk

Våren gjer meg så glad  
Så full av forventning  
Så ivrig  
Eg får nye krefter  
Vil ta fatt på ny  
Men – våren gjer meg også audmjuk  
For sjå der – opp av den frosen jorda  
Ei grøn lita spire  
Eit under av liv bryt opp att frå svart hard mold  
Ein stolt blom kikkar ut av bladknoppen  
Hei på deg – her kjem eg  
Eg gjev ikkje opp  
Frosten måtte vika – snart er våren på topp  
Slike krefter  
Det er til å bli stille og audmjuk av

Olaug Bjørndal. Frå samlinga *Augneblink*.  
Ta vare på dei små stundene (2021)



# Olivers dåpssamtale

– dei ganske stille orda som fører fram til den store dagen

Dei fleste - ja, kanskje absolutt alle som les dette -, har vore til stades ved ein dåp og har ei viss forståing av den seremonien, med vatn på hovudet som eit synleg høgdepunkt. Det som leier fram til denne handlinga, dåpssamtalen, er det nok ikkje like mange som har deltatt i. Kva er det som går føre seg der? Kyrkjebladet fekk lov til å oververa denne spesielle samtalen for vesle Oliver ein månads tid før han skulle døypast, og her er nokre glimt frå den stunda.

Tekst: Toril Hjartåker Hauge

Dei siste åra har om lag halvparten av alle nyfødde barn i Noreg blitt døypt i Den norske kyrkja, og det er dei føresette til desse barna som blir kalla inn til dåpssamtale. I by-kyrkjer som held mange dåpar kvar månad, vert dei gjerne samla til ein felles samtale. I grisgrendte strøk reiser helst presten rundt til kvar einskild familie og snakkar med dei i heimen. Fusa sokn har ikkje fleire dåpar på planen enn at sokneprest Anette-Emilie Gangstø gjer nettopp det, og torsdag 6.februar i år ringde ho på i Eikehovda der Oliver bur. Mamma Juliett Helen Rye, pappa Ole Alm og storesøster Emily var klare – i tillegg til Oliver sjølv, storauga og nyfiken på armen til mor.

Anette-Emilie legg fram den store dåpspermen som Fusa soknet gjev til alle dåpsbarna sine. Ein slik perm

## Kva betyr dåp?

Det norske ordet dåp har same opphav som verbet å dyppa. Begge orda spring ut av det lavtyske ordet dopi som var den omsetjinga germanarane brukte for det greske ordet for å dyppa, nemleg baptizien.

Kjelde: Store norske leksikon, snl.no

har Juliett og Ole sett før, for Emily vart døypt her i soknet for halvtanna år sidan, i Fusa kyrkje.

- Fusa kyrkje er jo også Oliver si kyrkje, så me vil han skal bli døypt der, og valde dåpsdagen ut ifrå kva tid det var gudsteneste der, seier Juliett. – Det er også den kyrkja eg sjølv har nærast forhold til. Foreldra mine vart gift der, og det er nok den kyrkja me vil velja når me skal gifta oss, fortel ho, og Ole synest ikkje å ha noko imot det valet. Sjølv er han frå Stange i Hedemark, og har ikkje noko særskilt forhold til nokon av kyrkjene her i distriktet.

## Alt ein skal innom i ein dåpssamtale – pluss nødvendig mat og song

Ifølgje Den norske kyrkje sine nettsider skal presten i ein dåpssamtale forklara kva dåpen er, og kva foreldra går med på ved å la barnet bli døypt. Gangen i dåpsseremonien blir avklart, og føresette kan ta opp spesielle ynske som salmar og tekstar i seremonien, eller ta opp spørsmål av alle slag, frå tru og tvil til kvar i kyrkja dei kan skifta bleie på babyen, eller kvar dei skal gå viss nokon i dåpsfølget blir uroleg. Presten veit svar.



I dette tilfellet får ikkje presten mange spørsmål å svara på; foreldra hugsar både kyrkja og dåpsgangen godt frå Emily sin dåp. Ho hadde to fadrar; det skal også Oliver få. Anette-Emilie opplyser oss om eit par vilkår for å vera fadder: - Du må vera 15 år eller eldre, og du må vera truande. Om det er nokon som betyr mykje for ein og som ein vil knyta til dåpen, men som ikkje trur, kan dei heller få rolla som gudmor og gudfar. Det er ei rolle og ein tittel som ikkje blir registrert på kyrkjekontoret.

- Under dåpshandlinga liker eg å snakka direkte til barnet, seier Anette-Emilie. - Så viss det er mogleg, ville det vore fint om den som ber han, held han opp slik at eg kan sjå Olivers ansikt, ikkje berre bakhovudet. Korleis trur de det vil vera for han?

Det går nok heilt fint, trur foreldra. – Han er vanlegvis vaken på formiddagen, i alle fall når det er noko som skjer rundt han, for han er veldig opptatt med å få med seg alt nytt, seier Juliett. - Med så mykje liv og røre som det vil vera der i kyrkja, blir han nok skikkelg interessert, ja.



Dåpssamtale i stova til familien Rye Alm. Sokneprest Gangstø har prestekragen på. Det er likevel rom for mykje meir enn teologi, og Oliver og storesøster Emily er med på det heile. Foto: Toril Hjartåker Hauge

Nett no er det mjølk Oliver er interessert i, høyrer dei, og pappa hentar han opp frå teppet. Så får han mat hos mamma mens samtalen held fram.

### **Kvifor dåpskjolen så ofte er kvit og altfor lang**

Også dåpens teologiske innhald hugsar Juliett og Ole frå Emily sin dåpssamtale, men dei vil gjerne at Anette-Emilie fortel likevel. Som

så mykje av det som skjer i kyrkja, er dåpsseremonien metta med symbol. Gjenstandane i han er ikkje berre praktiske hjelpemiddel, dei strekkjer seg langt ut over seg sjølv, og når soknepresten skal forklara kva dåpen er, er det desse gjenstandane ho grip fatt i: Døypefonten, dåpskjolen og vatnet. - I sørlege land står gjerne døypefonten nede ved inngangen av kyrkja, for dåpen er starten på



I 2024 bar Natanael Emiil Gangstø, son til soknepresten Anette-Emilie, denne kjolen då han vart døypt i Fusa kyrkje. Det lange og det kvite er pregar også den. Foto: Privat.



Eldre dåpskjolar frå Fusa-bygdene, utstilt i Hålandsdal kyrkje i samband med «Gamledagarsgudsteneste» hausten 2021. Foto: Fusa sokn.



Tradisjonell dåpskjole i lin, 152 cm lang og 148 cm vid nedst, eit vakkert lærestykke om dåpens innhald. Kjolen er eigd av Stiftelsen Glomdalsmuseet. Foto: Curt, Emir/Digitalt museum. Lisens: Navngivelse, del på samme vilkår (CC BY-SA).

kristenlivet, starten på livet vårt med Gud. Den plasseringa var ikkje særleg praktisk i eit kaldt land som Noreg, så her vart fonten etter kvart flytta inn i koret.

Emily vandrar mellom bord og sofa og vil opp på Anette-Emilie sitt fang. Dei er ikkje ukjente for kvarandre. Anette-Emilie sin eigen son Natanael Emiil er på same alder, og familiane har møtst fleire gonger før, mellom anna på soknet sin Babysong. Emily får både fang, song og blås på kinnet før presten fortel vidare, no om ein annan sentral gjenstand i dåpen: Dåpskjolen, og det at den tradisjonelt sett skal vera kvit. Kvifor det?

- Det kvite står jo for det reine, og kven eller kva er det som er reint i dåpen? spør presten. - Me kunne jo lett tenkja at det er babyen sjølv som er rein, barnet som enno ikkje har gjort noko gale, men ingen menneske greier å bevare uskulda si livet gjennom; det er umogleg ut ifrå vår natur. Difor er det ikkje dåpsbarnet kvitfargen er knytt til. Den kvite dåpskjolen som me kler barnet i, viser til kor rein Jesus gjer oss når me trur på han og tar imot han. Same kor mykje gale me har gjort; når me éin dag står framfor Gud, er me reine, fordi me har

kledd oss i hans nåde. Me treng ikkje gjera nokon ting for å få det, treng berre ta nåden inn over oss, liksom me tar den kvite dåpskjolen over hovudet på det vesle barnet.

- Eit anna typisk trekk ved kjolen, er at han skal vera så lang. Kvifor det? spør presten også her. Ingen av oss i rommet kan svara, og Anette-Emilie ler. - Nei, eg visste det ikkje, eg heller, før eg var langt oppi tjuetåra. Eg vil forklara dette med eit bilde: Viss eg tar eit korn og legg det i jorda, kva skjer då? - Det veks, svarar Juliett og Ole. - Ikkje med det same, nei. Ikkje før du gjer éin ting til, seier Anette-Emilie. - Du må vatna det. Utan vatn skjer ingenting med kornet. Livet med Gud skal veksa, derfor passar ikkje barnet inn i kjolen enno; det har kjolen til å veksa i. Det vatnet me får på hovudet vårt i dåpen, det gjev liv ved den Heilage Ande. *Vatnet* saman med *ordet*, det me lærer om Gud gjennom livet. Derfor startar alltid dåpshandlinga med pliktene som følgjer med dette sakramentet; foreldre og fadrar får ansvar for å visa barnet omsorg, be for barnet, læra det sjølv å be og å bruka Bibelen og nattverden.

- Og de er ikkje åleine i den oppgåva, understrekar Anette-Emilie. - Det

finst mange stader der barna kan læra Guds ord og oppleva at den heilage anden skaper liv. Her i soknet har me for eksempel Babysong, Familemix og dei no nyleg oppstarta Minglemiddagane. Etter kvart merker me også at det er barna som lærer oss som Gud. Viss me spør dei: «Vil du har Jesus som bestevenn?», så svarer dei spontant: «Ja.» Dei tar imot han, - enkelt, tillitsfullt.

### **Å bli boren fram til dåpen, eller å gå fram dit sjølv**

I Den norske kyrkja er det vanlegast å bli døypt som barn. Det synet støttar seg til misjonsbefalinga, også kalla dåpsbefalinga (Matteus 28,18-20), og til Jesus sine ord om å «La småborna vera, og hindra dei ikkje i å koma til meg!» (Matteus 19,14). - Jesus var heilt annleis enn andre i si samtid, seier Anette-Emilie. - Når læresveinane ville senda barna vekk fordi dei forstyrra forkynninga, vart Jesus rett og slett rasande. Dette er éin av dei to gongane Bibelen fortel at han var skikkelege sinna.

På grunn av desse bibelorda har det i alle fall sidan 500-talet vore vanleg i dei dominerande kyrkjesamfunna å døypa små barn, gjerne snarast mogleg etter fødselen. Men det finst ei rekkje kristne trussamfunn som har andre syn på kva dåp er, og følgjeleg kva tid i livet eit menneske er klar for denne heilage handlinga, dette sakramentet.

Juliett er kjent med kristne som ikkje trur på dåpen i det heile, men praktiserer barnevelsigning i staden, og Anette-Emilie fortel om sin eigen dåp i den pinsemenigheten der ho vaks opp. - Pinserørsla trur på dåpen, men den skal ikkje skje før ein sjølv er komen til tru. Personen må på eiga hand bestemma seg for å bli døypt. Eg var seks år då eg meinte eg var klar for det og gjekk til foreldra mine og sa ifrå. Dei meinte eg enno var for lita, så eg fekk ikkje lov til å bli døypt med det same. Fem år

#### **Kva er ein fadder?**

Ein fadder er eit vitne som har eit ansvar. Under dåpsseremonien seier presten dette til fadrane: Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg, be, hjelpe barnet til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så barnet kan leva og veksa i den kristne trua.

#### **Kven kan vera fadder?**

Ein fadder må ha fylt 15 år og som hovudregel vera medlem av Den norske kyrkja. Medlemmar av andre kyrkjesamfunn kan vera fadrar så lenge dei aksepterer barnedåp.

Barnet må ha minst to fadrar. Det er inga øvre grense for kor mange fadrar det kan vera, men det er uvanleg med meir enn fire.

Minst to fadrar må vera til stades under sjølve dåpshandlinga.

#### **Kva er forskjellen på gudmor/gudfar og fadder?**

I Den norske kyrkja er ikkje gudmor eller gudfar ein offisiell tittel. Å ha fadrar er derimot eit krav. Mange brukar tittelen gudmor/gudfar på den som ber barnet i dåpsseremonien. Kven som er gudmor eller gudfar vert ikkje registrert i det kyrkjelege registeret. *Kjelde: Den norske kyrkja, kyrkja.no*

Fadder-institusjonen finn me omtalt fyrste gong hos kyrkjefaderen Tertullian (ca. år 200), men den er truleg eldre.

*Kjelde: Store norske leksikon, snl.no*



Dåpsdagen i Fusa kyrkje 16. mars. Emily, Ole, Juliett Helen og dåpsbarnet Oliver.  
Foto: Privat

seinare spurde eg igjen, og då gjekk dei med på det. Det var den kjente presten Egil Svartdal eg skulle ha dåpssamtale med. Han byrja med ei utgreiing om at no «gravlegg du ditt gamle liv...». Så såg han på meg, elleveåringen, og kom på at «Ja, du har jo ikkje så mykje gammalt liv å gravleggja enno». Det fekk han til å leggja utgreiinga til sides og i staden spørja meg rett ut: «Kvifor vil du bli døypt?» «Fordi Jesus sa det,» svarte eg. «Ja, det held, det,» sa presten.

Slik føregjekk Anette-Emilie sin eigen dåpssamtale, og også som prest har ho hatt samtalar med dåpskandidatane sjølve, ikkje berre med dei føresette. – Eg har døypt menneske i alle aldrar; den eldste til no var femti år.

### Tru og tradisjon

Når det er eit lite barn som møter presten ved døypefonten, er det dei føresette som får spørsmålet «Vil de at barnet skal døypast?». – Dersom nokon då svarer Nei,

føreslår eg at dei set seg ned igjen på benken og tenkjer seg om, så prøver me igjen om ei lita stund, seier Anette-Emilie og ler.

Juliett og Ole kjem nok til å svara Ja for Oliver den 16. mars. – Når me vel å døypa barna våre, gjer me det ut ifrå ei blanding av tru og tradisjon, seier Juliett. – Eg kallar meg kristen, og synest det er viktig å døypa barnet, ikkje berre ha ein fest for det.

Dåpssamtalen blir avslutta med ei bøn, slik Anette-Emilie alltid gjer det. – Eg takkar deg, Jesus, for Oliver og den fine familien hans, og for at du er med oss alle dagar, ja, *alle* dagar, også dei som er vanskelege.

Det minner oss igjen om dåpsbefalinga, dei aller siste orda der: Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. Dåpen er ikkje berre ei handling Jesus vil mennesket skal utføra; den

### Kvar dåpssamtale er unik

Denne som me fekk vera til stades på, romma sjølv sagt ikkje alt som kan takast opp der. Den norske kyrkja sine nettsider, [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no), har eit vell av informasjon om dåp, både praktisk og teologisk. I tekstruta nedanfor er somme av dei spørsmåla du kan finna svar på der, særleg om du går målretta inn på sida [www.kirken.no/nb-NO/dap-i-den-norske-kirke](http://www.kirken.no/nb-NO/dap-i-den-norske-kirke). Nokre av svara, særleg dei korte, tar me med her; for meir utfyllande svar, går du inn på sjølve nettsidene, eller spør presten vår, Anette-Emilie Gangstø.

### Korleis bestilla dåp?

Kontakt kyrkjekontoret i Fusa sokn: 56 58 01 81, [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Kva kostar det å bli døypt?

Ingenting. Det er gratis.

### Kven kan bli døypt?

Alle kan bli døypt, og ein kan bli det når som helst i livet.

### Kva er forskjellen på dåp og namnefest?

### Kvifor må ein vera døypt for å bli konfirmert?

### Eg ynskjer å vita meir om dåp før eg bestemmer meg. Kven kan eg snakka med?

Dåp er kanskje ikkje eit val alle blir heilt sikre på, men ein kan velja å døypa sjølv om ein er i tvil. Du er velkommen til dåp utan å vera sikker på alt eller einig i alt. Rådfør deg gjerne med kyrkja der du bur, eller snakk med andre som har døypt. Du kan også lesa historier om andre som har døypt eller blitt døypt sjølv.

Det kan også vera lurt å gå på ei gudsteneste der det er dåp for å få ei oppleving av korleis det er. Finn ut kva som skjer i kyrkja der du bur. Mange vanlege gudstenester inneheld dåp.

*Kjelde: Den norske kyrkja, kyrkja.no*

inneheld også Jesus sitt løfte om sitt urokkelege nærvær.

# Konfirmantar i Fusa sokn 2025



## Sundvor kyrkje

3. mai

F.v.: Torstein Nordtveit  
Hjertnes, Live Styve  
Aarvik, Lisa Anu-An  
Malkenes og sokneprest  
Anette Emilie Gangstø.



## Hålandsdal kyrkje

4. mai

Bak f.v.: Patrik Midtrød,  
Andrea Haga Gjøn,  
Marthe Fredriksen-  
Nordtveit, Leander  
Hindal Gjerstad Isaksen  
Framme f.v.: Sokneprest  
Anette Emilie Gangstø,  
Kari Elen Rød Lamp og  
Ronja Bjaanes.



## Hålandsdal kyrkje

4. mai

Bak f.v.: Helene  
Lundervik, Marie  
Lundervik, Nicolai Åsvang  
Rød, Jonas Valestrand.  
Framme f.v.: Sokneprest  
Anette Emilie Gangstø,  
Hanna Longakit Vågen,  
Annikken Hjelm Hatletveit  
og Hellek Lønheim  
Tveitnes.



### Fusa kyrkje 10. mai

Bak f.v.: Andreas Øvreeide Frydenlund, Marius Rolland Vik, Mira Solberg  
 Midten f.v.: Nora Hjelmeland-Hjelmervik, Anette Espeland, Mathea Eikeland  
 Framme f.v.: Sokneprest Anette-Emilie Gangstø, Sander Gjerdevik, David Prestegard Skåtun og Dennis Araz Saldamli.



### Strandvik kyrkje 11.mai

Bak f.v.: Hilde Dalland, Julian Lønøy Johansen, Gustav Da Rosa Holmefjord  
 Framme f.v.: Julia Angelskår, Sol Atalie Romundset, Stine Lill Bjørndal Milde og sokneprest Anette-Emilie Gangstø.



### Fusa kyrkje 10. mai

Bak f.v.: Richard Kristiansen, Emil Strand Kalsås og Dag Almås Solberg  
 Framme f.v.: Malin Tveit Olsen, Filip Almås Solberg og sokneprest Anette-Emilie Gangstø.

## Konfirmasjonsdatoar i Fusa sokn i 2026 er klare

Desse, samt lenke til påmelding til konfirmantåret 2025-2026 ligg på Fusa sokn si heimeside;

[www.kyrkja.no/fusa](http://www.kyrkja.no/fusa)

Velkommen som konfirmant i Fusa sokn 2025-2026!



## Påske i barnehagane

Fem barnehagar har hatt besøk av kyrkjelydspedagog Hildegunn Myrliid Eide før påske.

Her er me i Vinnes barnehage. Samling med musikk, song, fargar og påske frå bibelen.

**Me høyrer saman! Liten og stor!**

## Babysong hausen 2025

**Song, musikk, regler og dans for barn i alderen 0-2 år med foreldre!**

Måndagar kl. 10.00-11.30 i Eikelandsosen bedehus. Me avsluttar kvar samling med kaffi og matpakke. Første samling vert måndag 22. september.

Påmelding til Hildegunn Myrliid Eide, tlf. 97650155

Velkomen!



Såpebobler høyrer med i babysongen. Foto: Fusa sokn

## Utdeling av 4-års-bok til hausten!

Alle dei som er 4 år i 2025, vert invitert til gudsteneste i desse kyrkjene:

**21. september Kl. 11.00**  
Hålandsdalen kyrkje

**21. September Kl. 16.30**  
Strandvik kyrkje

**28. September Kl. 11.00**  
Fusa kyrkje

**28. September Kl. 16.30**  
Sundvor kyrkje

Same dag vert det også presentasjon av konfirmantane 2026. Set av datoen allereie no.




Her er 4-åringane som fekk boka i Hålandsdalen kyrkje i fjor. Foto: Fusa sokn



# Barnas



## Fargelegg!



Slik såg Johannes for seg den nye himmel og den nye jord.


Teikning: Kari Sortland

## Vitsar

– Kelner! Fluga i suppa mobbar meg!  
– Ja. Det er ei ertesuppe.

– Hunden min har lært seg å snakke! Det er heilt sant!  
– Eg veit det. Bikkja mi fortalde det i går.

## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Gje barnebladet **Barnas** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller **22 08 71 00**

## Finne fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila i biletet under?



Teikning: Alessandro Coppola og Salvatore Callerami

# Bibelsporet

4. og 5. klasse på Eikelandsosen skule er ein flott gjeng!  
Dei har no bestått «Bibelsporet». Me har saman lært 72 bevegelsar frå heile bibelen.

Dette klarte dei på 2 min og 45 sek. Heil utruleg. Me brukte 4 KRLE-timar på denne undervisninga.

Kult med aktiv læring. Takk til alle skulane som har delteke. Super innsats frå alle!!



Dette er éi av dei 72 bevegelsane som synleggjer bibelen,

...og dette er arbeidsheftet i «Bibelsporet». Foto: Fusa sokn

# Årets konfirmantar og fasteaksjon

Konfirmantene samla inn heile kr 56 000 til årets fasteaksjon! I samband med aksjonen fekk dei besøk av Kirkens Nødhjelp, og slik såg det ut i Eikelandsosen bedehus under det møtet.



Foto: Gry Jeanette Mjelde





Fusa sokn vil oppfordra barn og unge i Fusa-bygdene til å bli med på leir i Sætervika i Samnanger. Fusa sokneråd har difor vedteke å sponsa alle frå Fusa-bygdene med 50% av leirprisen! Dette gjeld i heile 2025.

Ta kontakt med kyrkjekontoret på [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no) for å få rabattkode som kan brukast ved påmelding til leir i Sætervika. Velkommen på leir!!

# Sommerleir

## Sætervika ungdomssenter

2025



Maksleir  
20.-22. juni  
2.-4. klasse

Tweens Action  
1.-4. august  
5.-8. klasse

Miksleir  
8.-10. august  
3.-6. klasse

For mer informasjon  
og påmelding  
[nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest)

# Inspirasjon til bøn

“Saman skal vi få nytt mot ved den trua vi deler ”

I tru på “bønnens makt” vil Fusa Sokn, i samarbeid med bønegruppene i Fusa-bygdene, invitera til ei inspirasjonshelg for bøn. Det blir ei helg med djupdykk i det store temaet. Invitasjonen er open for alle – gammal som ung!

Er du nysgjerrig, interessert, er du skeptisk, spørjande til dette med å be? Har du erfaring – er du ny eller på startstreken på bønevegen og kjenner at du treng rettleiing og inspirasjon – så må du kryssa av den siste helga i august i kalenderen din.

Etiopiamisjonær Osvald Hindenes kjem inn som inspirator. Han har lang erfaring med å leva i tru og bøn for store oppgåver i Afrika.



Foto: Bo Mathisen



Foto: Kirkerådet

Detaljane i programmet for helga er elles ikkje på plass enno. Meir info vil koma etter kvart – om tid på dagen og om innhaldet i samlingane. Me ser for oss ei helg til oppmuntring og inspirasjon gjennom undervisning, forbøn, samtalar, spørsmål og svar – evt. paneldebatt og/eller sofaprat om bøn. Og kanskje felles måltid.


Datoane blir:

**Fredag 29.august:**

Inspirasjonssamling.

**Laurdag 30. august:** Bibeltime om bøn m.m.

**Søndag 31. august:** Gudsteneste med tema Bøn. Denne dagen står Sævareid kapell på gudstenestelista.



Sævareid kapell. Foto: Fusa sokn

MERK AV HELGA PÅ KALENDEREN, så snakkast me!

Helsing Fusa sokn

## Har du lyst til å syngja i kor?

**Kyrkjekoret** startar opp att med øvingane sine torsdag **4. september kl. 19.50 (!)** på galleriet i **Fusa kyrkje**.

Øvingane er kvar veke og varar om lag ein time. Kyrkjekoret består av 4 songglade damer og har plass til fleire.

Om du heller vil syngja i eit blandakor er kanskje «**Sine Nomine**» noko for deg? Koret medverkar på enkelte gudstenester i soknet, men er elles eit frittstående kor. Frå **4. september** har dei øving kvar torsdag **kl. 18:30 – 19:45** i **kyrkjelydssalen i Fusa kyrkje**. Kantor Iman de Zwarte leiar begge kor.

# Vestlandsk toppkor vitjar vesle Strandvik

Søndag 15. juni held Bergen Domkor sommarkonsert i Strandvik kyrkje. Programmet byr på vakker musikk for a capella kor: frå den store renessansekomponisten Palestrina via vår eigen Edvard Grieg, til nyare musikk av skotske James MacMillan. Delar av programmet vart også framført på ein konsert under Festspela i Bergen.

- Det er 500 år sidan Palestrina blei født, og han har ein spesiell plass hos dei fleste korfolk. Hans polyfoniske komposisjonar er matematiske og regelbundne, men opplevast både frie og kunstnarisk fullenda, seier Kjetil Almenning, domkantor og dirigent for Bergen Domkor.

Bergen Domkor blei etablert i 2009 av domkantor Kjetil Almenning. Det er i dag eitt av landets leiande amatørkor og eit kyrkjemusikalsk



Bergen Domkor 2023. Foto: Tuva Åserud

kraftsenter på Vestlandet. I tillegg til deltaking på gudstenester, har koret høgt aktivitetsnivå med hyppige konsertar og årlege turnear. Det medverkar jamleg under Festspela i Bergen og samarbeider med mellom andre Bergen Barokk, Bergen Filharmoniske Orkester og Sjøforsvarets musikkorps. Bergen Domkor forvaltar ein rik kyrkjemusikalsk arv som det arbeider for å formidle med kvalitet og liv. Samstundes har koret fokus på framføring av nyare verk og musikk av nolevande komponistar. Domkoret legg vekt på å skape interessante konsertprogram og presentere spanande repertoar.

Repertoarlista spenner frå renessansemusikk til bestillingsverk av unge norske komponistar.

- Vi håpar å gje publikum ei ordentleg god oppleving av fantastisk kormusikk, seier Almenning, og for eigen del kan me føye til «framført av eit ordentleg godt kor».

## Strandvik kyrkje, søndag

**15. juli, kl. 17:00.** Gratis inn- gang. Vipps-kollekt til «Childrens Burn & Wound Care Foundation» (arbeidet til Dr. Eriksen med brannskadde barn i Etiopia).

## Samtalegruppe for etterlatte

Diakonigruppe i Fusa sokn og Fusa frivilligsentral ynskjer deg velkommen til samtalegruppe for etterlatte. Her treff du andre i liknande situasjon. Me får snakka saman om korleis det er å leva med sorga etter å ha mista nokon.

Å dela erfaringar og tankar kring sorga med andre, trur me kan vera til hjelp i kvardagen.

### Program for hausten:

Temamøte for alle interesserte vert måndag **29. september** Kl. 19.00

Mirjam Østevold frå Vardesenteret (Haukeland) vert med oss og snakkar om hennar erfaringar i høve sorgarbeid.

Samtalegruppe måndagane **13. oktober, 10. november** og **1. desember** kl. 19.00.

Alle samlingane vert i Stova ved omsorgsbustadane i Eikelandsosen (same stad som FBBS). Me set opp skilt.

Påmelding til samtalegruppe:  
**Bodil Samnøy Tlf: 916 93 226**



Hildegunn Myrliid Eide, Bodil Samnøy og Maren Hamre er med i arbeidsgruppa i høve "Samtalegruppe for etterlatte". Foto: Fusa sokn

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend  
Tlf.: 96 92 46 50  
post@lhjertnes.no  
www.lhjertnes.no



**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
narbutikken.severeid@narbutikken.no



**Fusa**  
**Ferdigbetong as**

5640 Eikelandssosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: post@fusabetong.no

**ah** MALERMESTER  
**ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE**  
**HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880  
E-post: firmapost@alfhjelle.no

**SPAR**



**Fusa**

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

**Tlf. 56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Eide**

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

**M E C A**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
# 5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no  
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s**  
PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Trykksaker, profilering,  
firmagaver, skilt,  
messer og mye mer.

**kai-hansen.no**



**KAI HANSEN**

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSSEN

# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandsofen@bunnpris.no



## Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER  
VI HOS:

## TRAVELNET

### OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

## SPAR

Eikelandsosen

Opningstid **8-21**

Laurdagar **9-20**

Tlf. 56 58 00 90

## SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

## VI ER HER

www.spv.no



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN

Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40  
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historiefremming på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

*Fusa og Samnanger*  
GRAVFERDSBYRÅ  
OMSORG VED LIVETS SLUTT  
DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09  
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLØMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

## Hordaland A/S

56 58 09 90 hordalandrørteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside  
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

## Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20

## Malerfirma

### Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

## HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspfleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!  
Spør etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 458 15 890  
Kjell Arne Gangstø  
E-post: famgang@fusi.no

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

Sentralgodkjent rørleggerfirma

# Arbeid på kyrkjene våre



Sundvor kyrkje har fått ny, fin helle- gang framfor inngangspartiet. Arbeidet er utført av Anleggsgartner Steinar Midtrød.

Foto: Toril Hjartåker Hauge



Strandvik kyrkje er inne i ein vedlikehaldsfase. Tømrararbeidet, utført av IdZ Bygg, var ferdig til påske. I mai og juni er Malerfirma Kenneth Samnøen i full sving med maling og kitting av vindauge.

Foto: Toril Hjartåker Hauge



Også på Fusa kyrkjegard like utanfor kyrkja har det vore ein del arbeid i vår. På grunn av dårlege jord- og grunntilhøve har eitt av gravfelta fått nye massar og blir no klargjort for framtidig bruk som gravfelt.

Foto: Hans Einar Markhus



## Os Gravferdsbyrå AS

**Døgntelefon**  
**56 57 49 50**  
Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

## Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingje- ring og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris  
Ring 406 11 817  
Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

**TA KONTAKT MED**

**BYGGMESTER**



**SVENN C. STORUM**

 **951 56 327** [storum@fusi.no](mailto:storum@fusi.no)

# Gudstenester i Fusa sokn 1. juni – 12. oktober 2025

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Anledning for dåp
01.06.	11:00	E.osen bedehus	Familiemix	Ja
08.06.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste pinsedag	Ja
09.06.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste 2. pinsedag	Nei
15.06.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
22.06.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
22.06.	16:30	Sundvor kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei
29.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
06.07.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
20.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
27.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
29.07.	11:00	Holdhus gamle kyrkje	Gudsteneste Olsok	Nei
03.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
10.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
17.08.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
24.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
24.08.	16:30	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
31.08.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
07.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
14.09.	12:00	Eikelandssosen bedehus	Konf.leir-gudsteneste, familiemix	Nei
21.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Ja
21.09.	16.30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Ja
28.09.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Ja
28.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Ja
05.10.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Ja
12.10.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	Nei

## Frå Kyrkjebøkene



### Dåp

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

06.04.2025 André Måge-Gjøen

#### FUSA KYRKJE

16.03.2025 Noah Femsteinevik Heidal  
16.03.2025 Oliver Alm  
19.03.2025 Richard Wikeby Kristiansen  
20.04.2025 Colin Bysheim Helland  
20.04.2025 Casper Almås Boge

#### DØYPTE I ANDRE SOKN

Tysnes kyrkje  
16.02.2025 Vilde Vik Samnøy  
Skurdalskyrkja, Hol  
23.03.2025 Henry Eide  
Os kyrkje  
27.04.2025 Amalie Vetaas



### Gravferd

#### STRANDVIK KYRKJE

24.04.2025  
Karen Berit Fure, f. 30.04.1940  
30.04.2025  
Aud Stensletten, f. 23.08.1928

#### FUSA KYRKJE

13.05.2025  
Steinar Eikeland, f. 16.08.1959

#### SUNDVOR KYRKJE

15.05.2025  
Henny Nordtveit, f. 08.08.1936



### Vigde

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

26.04.2025 Ronja Helene Hoftun Orre og Daniel Aase Tysnes  
02.05.2025 Rebecca Aarseth og David Strøm

## OPEN KYRKJE

Tysdag 17. juni er det siste «Open kyrkje» i Strandvik før sommaren. Etter ferien vert det «Open kyrkje» på den tredje tysdag i månaden igjen:

**16. september,**  
**21. oktober**  
**18. november.**

# Informasjon

Avsender:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

S  
i  
d  
a  
n



Minglemiddagen i mars. Foto. Harald Geir Sæther



Thor Haavik formidla påskeevangeliet truverdig for eit fullsett bedehus 11. mars. Foto: Fusa sokn

S  
i  
s  
t



Tradisjonen tru var det høgtidsmesse i Fusa kyrkje 1. påskedag, og friluftsgudsteneste ved Hafskorvatnet 2. påskedag. Foto: Fusa sokn



Søndag 27. april var det Barnas påskefest i Eikelandsosen bedehus. Hildegunn Myrliid fortalde om Jesu oppstode og englane ved grava på denne spesielle familiemix'en. Foto: Fusa sokn